

Sjå adresseliste

Dato: 24.02.2017  
Vår ref.: 2015/10633-29  
Saksbehandlar: marerik  
Dykkar ref.:

## Regional transportplan Hordaland 2018-2029 Høyring av planforslag

Planforslag til Regional transportplan Hordaland (RTP) 2018-2029 er no på høyring, jamfør vedtak i fylkesutvalet 23. februar 2017. Vi inviterer kommunar, statlege etatar, organisasjonar og andre interesserte til å komme med innspel til utvikling av transportsektoren i Hordaland. Høyringa er open for alle.

### Innhald

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 er ei rullering av Regional transportplan Hordaland 2013-2024 og er ein langsiktig regional strategiplan for utvikling av transportsektoren i Hordaland. Planen inneheld mål til alle relevante delar av transportsystemet, samt strategiar, overordna prioriteringar og tiltak som viser korleis måla skal følgjast opp. Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Handlingsprogram for RTP omhandlar aktuelle utgreiings- og utviklingsoppgåver, omtalt om tiltak, og er vedlegg i planforslaget. I tillegg vert det utarbeida eit eige investeringsprogram for fylkesvegnettet, som skal på høyring hausten 2017. Prioritering av konkrete prosjekt, basert på føringar i RTP, vert presentert i investeringsprogram for fylkesvegnettet.

### Om tilhøve til Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (RATP) er sendt ut på ei avgrensa høyring i perioden 20. februar til 1. april 2017. Informasjon om planarbeidet er tilgjengeleg på våre heimesider: [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no). Kap. 7 i RTP, Transport i Bergensområdet, og kap. 4.3 i RATP, Regionalt transportsystem, er utarbeida som eit felles kapittel for desse to planane. Eventuelle endringar, som følgje av høyringa, skal koordinerast fram mot endeleg vedtak av begge planane i fylkestinget i juni 2017.

### Særskilte tema og spørsmål i høyringa

Med endring i opplegg for og utforming av handlingsprogram og investeringsprogram, vert det lagt opp til eit skilje mellom strategiske diskusjonar og prioritering av konkrete prosjekt. Planforslaget er i all hovudsak eit overordna strategisk dokument. Fylkeskommunen ønskjer i særleg grad innspel på mål, strategiar, overordna prioriteringar og tiltak.

### Praktisk informasjon

På våre heimesider, [www.hordaland.no/transportplan](http://www.hordaland.no/transportplan), er det oppretta ei eiga høyringsside med informasjon om planforslaget og dei ulike måtane ein kan sende høyringsinnspel på. Her er det òg mogleg å laste ned elektronisk versjon av planforslaget. Me ber høyringspartane om å sende høyringsinnspel elektronisk på e-post til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no). Alle høyringsinnspel må merkast 2015/10633.

Høyringsfrist er 7. april 2017, med sikte på endeleg vedtak av planen i fylkestinget i juni 2017.  
Kontaktperson: Marte Hagen Eriksrud, tlf. 55239075, [Marte.Eriksrud@hfk.no](mailto:Marte.Eriksrud@hfk.no).

Thorbjørn Aarethun  
Leiar

Marte Hagen Eriksrud  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Adresseliste